Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 1

Fylke: Troms

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Dyrøy

Emne: Ard og plog.

Bygdelag: Bröstad

Oppskr. av: Artur Nergaard

Gard: Nergård

(adresse): Bröstadbotn

G.nr. 11 Br.nr. 1

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

Mikal Ingebrigtsen, 81 år, heimstad her, no kårmann

SVAR

1. Vi brukar plog til pløying og al (ikkje tjukk l) til å lage vegar for potetsetjing. For 30 år sidan grov vi potetvegane med grev (langs med ei snor). Sidan kom ala i bruk. Vi brukar serskilt hyppeplog, frå ~~tid~~ seinare tid enn ala. På ala er det 2 meiar, og den eine går i fura, så fråstanden blir jamn. Al og hyppeplog frå gamal tid er ikkje kjent, og eg har ikkje set maken til noko av det som er rissa opp på teikninga.

13. Mikal Ingebrigtsen har ikkje brukt treplog, men han veit om at farmor mi, som sat inkje for 70 år sidan, hadde brukt ein slik. Han fortel at til nyland brukte dei ikkje plog, berre spade. I hans ungdomstid var det mange som kjøpte seg plogar når dei var på fiske i Lofoten (50-60 år sidan)

1505

Det brukte kome ein smed frå Bodø til Henningsvær i Lofoten i fiskatida. Han og sonen dreiv så på og laga plogar, og kona var med og stelte for dei. Så vidt han hugsar var heile plogen laga av jarn. Prisen hugsar han ikkje; kanskje var det kring 30 kr.
Smeden heitte Johannessen, og dei kalla han Tjukkesmeden.

17. Vanleg med kloss på åsen.

18. På ein grannegard hadde dei før ein plog som velta til vinstersida.

1505
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING